




FJELL KOMMUNE

Rådmannen

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Dykkar ref.
200705160-/MLA

Vår ref.
2007/3651 - 1067/2008

Saksh. - tlf.
Trond Birkelund - 56 32 64 63


Dato
17.01.2008


Høyringsuttale - Endringar i barnehagelova

Fjell kommune gjorde 20.12.2007 Fylkesmannen i Hordaland skriftleg merksam på at det ikkje var mogleg for Fjell kommune å rekke fristen for å gje høyringsuttale til framlegg til endringar i barnehagelova.

Sak om uttale vart handsama i Komite for finans og forvaltning 15.01.2008. Saka ligg vedlagt.

Med helsing


Steinar Nesse
rådmann


Trond Birkelund
spesialrådgjevar

Vedlegg

1 Høyringsuttale - Endringar i barnehagelova



SAKSDOKUMENT

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
7/08	Komit� for finans og forvaltning	15.01.2008

H yringsuttale - Endringar i barnehagelova

Samandrag av saka:

Kunnskapsdepartementet sendte i haust framlegg til endringar i barnehagelova p  h yring. Frist for   gje uttale vart sett til 3. januar 2008. Mange kommunar, mellom dei Fjell, og Kommunenes Sentralforbund har gjeve tilbakemelding om at fristen var for kort, og at tidspunktet p   ret gjorde det vanskeleg   f  til ein god h yringsprosess. Departementet har ikkje vore villig til   utvide svarfristen. Fjell kommune ynskjer likevel   sende inn uttale sj lv om fristen er g tt ut.

Framlegg til endringar omfattar f lgjande punkt:

1. Innf ring av lovfesta rett til barnehageplass.
2. Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane.
3. Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar.
4. Innhenting av naudsynte data i barnehagesektoren.

I saka har ein konsentrert uttala om punkt 1, 2 og 3.

Innstilling:

Komit  for Finans og Forvaltning vedtek:

Fjell kommune gjev f lgjande uttale til framlegg om endringar i barnehagelova:

Innf ring av lovfesta rett til barnehageplass

Fjell kommune ser udelt positivt p  at regjeringa  nskjer   sikre barnehageplass for alle som har trong for det. Reint prinsipielt er ein likevel skeptisk til lovfesting av rettar p  eit kvart kommunalt tenesteomr de. Slik lovfesting bidrar generelt til   redusere kommunal r derett og kan lett f re til auka byr krati og meirkostnader.

Lovfestinga vil og f re til auka ansvar for kommunane som lokal barnehagemynde. Dagens lovinnhald i paragraf 12 om samordna opptaksprosess i kommunen sikrar ikkje kommunen

sin moglegheit til ein heilskapeleg, god og effektiv samordning av opptaket. Samordninga bør difor knytast opp mot barns rett til barnehageplass slik at opptaket både i dei kommunale og private barnehagane bidrar til å sikre plassar til barn som har rett til plass.

Det bør gå fram av ny lovtekst om rett til barnehageplass gjeld gjennom heile året eller til eit hovudopptak. I teksten til ny paragraf 12a kjem ikkje dette klårt nok fram. Fjell kommune meiner at denne retten bør gjelde eit opptak i året, sjølv om ein kommune kan ha fleire opptak.

Truleg vil ein rett til barnehageplass føre til auka kostnader for kommunane. Ein kan venta at fleire vil søkje plass. Kommunane må og bygge opp ein "bufferkapasitet" for å sikre at alle som har rett til plass, kan få dette. Fleire andre moment kan og påverke etterspurnaden etter plassar. Dette vil vere endringar i kontantstøtten og nedjustering av maksprisen. Det er sær viktig at staten har ein tett og god dialog med kommunane og varslar i god tid dersom ein legg opp til endringar. Uansett må kommunane få dekke sine meirkostnader og denne saka bør meldast opp som kostnadsutrekningssak gjennom konsultasjonsordninga.

Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane

Truleg vil tal barn i den enkelte kommune, og ikkje tal barn i barnehagane utgjere mykje av grunnlaget for overføring av pengar til sektoren når statstilskota vert innlemma i inntektssystemet til kommunane. For Fjell sin del, som har mange barn frå andre kommunar, vil dette truleg føre til mindreinntekter. Fjell kommune må i så fall inngå avtalar med dei andre kommunane som har barn i barnehagane i Fjell for å sikre overføringar frå desse kommunane. Rett til barnehageplass er i departementet sitt framlegg knytt til ein rett om plass i den kommunen ein bur. Departementet opnar for interkommunale løysingar, men dette må ikkje gå på tvers av den enkelte familie sin rett til eit godt barnehagetilbod. Dersom familiar meiner det beste for dei vil vere å ha barna i ein barnehage i ein anna kommune, må vertskommunen sikrast refusjon frå bustadkommunen.

Før overgang til rammefinansiering finn stad, må det gjerast klårt gjennom konsultasjonsordninga at kommunane samla sett vert sikra fullfinansiering av sine kostnader i samband med omlegginga.

Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

Fjell kommune meiner at dagens ordning med fri etableringsrett for barnehagar, og som dermed automatisk gir rett til offentleg tilskot til etablering og drift, vanskeleg kan først vidare i eit system som tar utgangspunkt i full behovsdekning av barnehageplassar. Den automatiske retten til offentlege tilskot bør avgrensast når kommunane overtar det fulle finansieringsansvaret for barnehagane. Dette er særleg viktig for å unngå ei uhensiktsmessig overetablering av barnehagar. I dag har kommunen liten moglegheit til å kunne styre utviklinga innan barnehagesektoren. Kommunane har mykje ansvar for barnehagesektoren, men har ikkje i særleg grad kunna påverke utvikling av mangfald, geografisk plassering i kommunen eller kor mange ikkje-kommunale barnehagar som vert etablert.

Fjell kommune vil tilrå å nytte alternativ 1 som ny paragraf 14.

Straume, den 04.01.2008

Steinar Nesse
Rådmann

Trond Birkelund
Spesialrådgjevar

Handsama i Komité for finans og forvaltning - 15.01.2008:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komité for finans og forvaltning - 15.01.2008:

Fjell kommune gjev følgjande uttale til framlegg om endringar i barnehageleva:

Innføring av lovfesta rett til barnehageplass

Fjell kommune ser udelt positivt på at regjeringa ønskjer å sikre barnehageplass for alle som har trong for det. Reint prinsipielt er ein likevel skeptisk til lovfesting av rettar på eit kvart kommunalt tenesteområde. Slik lovfesting bidrar generelt til å redusere kommunal råderett og kan lett føre til auka byråkrati og meirkostnadar.

Lovfestinga vil og føre til auka ansvar for kommunane som lokal barnehagemynde. Dagens lovinnhald i paragraf 12 om samordna opptaksprosess i kommunen sikrar ikkje kommunen sin mogelegheit til ein heilskapeleg, god og effektiv samordning av opptaket. Samordninga bør difor knytast opp mot barns rett til barnehageplass slik at opptaket både i dei kommunale og private barnehagane bidrar til å sikre plassar til barn som har rett til plass.

Det bør gå fram av ny lovtekst om rett til barnehageplass gjeld gjennom heile året eller til eit hovudopptak. I teksten til ny paragraf 12a kjem ikkje dette klårt nok fram. Fjell kommune meiner at denne retten bør gjelde eit opptak i året, sjølv om ein kommune kan ha fleire opptak.

Truleg vil ein rett til barnehageplass føre til auka kostnadar for kommunane. Ein kan venta at fleire vil søkje plass. Kommunane må og bygge opp ein "bufferkapasitet" for å sikre at alle som har rett til plass, kan få dette. Fleire andre moment kan og påverke etterspurnaden etter plassar. Dette vil vere endringar i kontantstøtten og nedjustering av maksprisen. Det er særskild viktig at staten har ein tett og god dialog med kommunane og varslar i god tid dersom ein legg opp til endringar. Uansett må kommunane få dekka sine meirkostnader og denne saka bør meldast opp som kostnadsutrekningssak gjennom konsultasjonsordninga.

Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane

Truleg vil tal barn i den enkelte kommune, og ikkje tal barn i barnehagane utgjere mykje av grunnlaget for overføring av pengar til sektoren når statstilskota vert innlemma i inntektssystemet til kommunane. For Fjell sin del, som har mange barn frå andre kommunar, vil dette truleg føre til mindreinntekter. Fjell kommune må i så fall inngå avtalar med dei andre kommunane som har barn i barnehagane i Fjell for å sikre overføringar frå desse kommunane. Rett til barnehageplass er i departementet sitt framlegg knytt til ein rett om plass i den kommunen ein bur. Departementet opnar for interkommunale løysingar, men dette må ikkje gå på tvers av den enkelte familie sin rett til eit godt barnehagetilbod. Dersom

familiar meiner det beste for dei vil vere å ha barna i ein barnehage i ein anna kommune, må vertskommunen sikrast refusjon frå bustadkommunen.

Før overgang til rammefinansiering finn stad, må det gjerast klårt gjennom konsultasjonsordninga at kommunane samla sett vert sikra fullfinansiering av sine kostnader i samband med omlegginga.

Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

Fjell kommune meiner at dagens ordning med fri etableringsrett for barnehagar, og som dermed automatisk gir rett til offentleg tilskot til etablering og drift, vanskeleg kan førast vidare i eit system som tar utgangspunkt i full behovsdekning av barnehageplassar. Den automatiske retten til offentlege tilskot bør avgrensast når kommunane overtar det fulle finansieringsansvaret for barnehagane. Dette er særleg viktig for å unngå ei uheldig overetablering av barnehagar. I dag har kommunen liten moglegheit til å kunne styre utviklinga innan barnehagesektoren. Kommunane har mykje ansvar for barnehagesektoren, men har ikkje i særleg grad kunna påverke utvikling av mangfald, geografisk plassering i kommunen eller kor mange ikkje-kommunale barnehagar som vert etablert.

Fjell kommune vil tilrå å nytte alternativ 1 som ny paragraf 14.

Dokument vedlagt saka:

Kunnskapsdepartementet sitt framlegg til ny lovtekst.

Saksopplysningar /vurdering:

Innleiing

Kunnskapsdepartementet sendte i haust framlegg til endringar i barnehagelova på høyring. Dokumentet vart motteke den 8. november i Fjell kommune. Frist for å gje uttale vart sett til 3. januar 2008. Mange kommunar, mellom dei Fjell, og Kommunenes Sentralforbund har gjeve tilbakemelding om at fristen var for kort, og at tidspunktet på året gjorde det vanskeleg å få til ein god høyringsprosess. Departementet har ikkje vore villig til å utvide svarfristen. Det er ikkje sendt inn noko administrativ uttale frå Fjell kommune. Komite for Finans og Forvaltning ynskjer å sende inn uttale sjølv om fristen er gått ut.

Framlegg til endringar omfattar følgjande punkt:

- Innføring av lovfesta rett til barnehageplass.
- Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane.
- Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar.
- Innhenting av naudsynte data i barnehagesektoren.

Innføring av lovfesta rett til barnehageplass

I gjeldande barnehagelov, § 8 andre ledd, har den enkelte kommune plikt til å sørge for tilstrekkeleg med barnehageplassar. No foreslår departementet i tillegg at kommunen skal oppfylle ein rett til barnehageplass. Denne retten er regulert i ein ny paragraf 12a, men og nemnd i paragraf 8, Kommunens ansvar.

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen ser udelt positivt på at regjeringa ønskjer å sikre barnehageplass for alle som har trong for det. Reint prinsipielt er rådmannen likevel skeptisk til lovfesting av rettar på eit kvart kommunalt tenesteområde. Slik lovfesting bidrar generelt til å redusere kommunal råderett og kan lett føre til auka byråkrati og meirkostnader. Lovfestinga vil og føre til auka ansvar for kommunane som lokal barnehagemynd. Dagens lovinnhald i paragraf 12 om samordna opptaksprosess i kommunen sikrar ikkje kommunen sin moglegheit til ein heilskapeleg, god og effektiv samordning av opptaket. Samordninga bør difor knytast opp mot barns rett til barnehageplass slik at opptaket både i dei kommunale og private barnehagane bidrar til å sikre plassar til barn som har rett til plass.

Det bør gå fram av ny lovtekst om rett til barnehageplass gjeld gjennom heile året eller til eit hovudopptak. I teksten til ny paragraf 12a kjem ikkje dette klårt nok fram. Rådmannen meiner at denne retten bør gjelde eit opptak i året, sjølv om ein kommune kan ha fleire opptak.

Truleg vil ein rett til barnehageplass føre til auka kostnader for kommunane. Ein kan venta at fleire vil søkje plass. Kommunane må og bygge opp ein "bufferkapasitet" for å sikre at alle som har rett til plass, kan få dette. Fleire andre moment kan og påverke etterspurnaden etter plassar. Dette vil vere endringar i kontantstøtten og nedjustering av maksprisen. Det er sær

viktig at staten har ein tett og god dialog med kommunane og varslar i god tid dersom ein legg opp til endringar. Uansett må kommunane få dekkja sine meirkostnader og denne saka bør meldast opp som kostnadsutrekningssak gjennom konsultasjonsordninga.

Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane

Innlemming av statlege øyremerka barnehagetilskot i kommunane sitt rammetilskot er ei stor omlegging. Departementet vurderer difor at rammeoverføringa vert gjennomført med ei overgangsordning for kommunane. Departementet opplysar at innlemminga etter planen vil bli omtalt i kommuneproposisjonen for 2009.

Rådmannen sine kommentarar:

Innlemming av statlege øyremerka barnehagetilskot i kommunane sitt rammetilskot vil føre til at andre moment vert lagt til grunn for overføring av midlar til barnehagesektoren. Med dagens system får barnehagane finansiert drifta gjennom foreldrebetaling, eit statleg driftstilskot og eit kommunalt driftstilskot basert på tal barn i den enkelte barnehage. Ved omlegging til rammetilskot vil kommunane stå for den offentlege finansieringa. Den økonomiske modellen, basert på stykkpris, som Fjell kommune nyttar for å sikre lik behandling av kommunale og private barnehagar er utforma slik at den kan nyttast også ved rammefinansiering.

Truleg vil tal barn i den enkelte kommune, og ikkje tal barn i barnehagane utgjere mykje av grunnlaget for overføring av pengar til sektoren. For Fjell sin del, som har mange barn frå andre kommunar, vil dette truleg føre til mindreinntekter. Fjell kommune må i så fall inngå avtalar med dei andre kommunane som har barn i barnehagane i Fjell for å sikre overføringar frå desse kommunane. Rett til barnehageplass er i departementet sitt framlegg knytt til ein rett om plass i den kommunen ein bur. Departementet opnar for interkommunale løysingar, men dette må ikkje gå på tvers av den enkelte familie sin rett til eit godt barnehagetilbod. Dersom familiar meiner det beste for dei vil vere å ha barna i ein barnehage i ein anna kommune, må vertskommunen sikrast refusjon frå bustadkommunen.

Før overgang til rammefinansiering finn stad, må det gjerast klårt gjennom konsultasjonsordninga at kommunane samla sett vert sikra fullfinansiering av sine kostnader i samband med omlegginga.

Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

Departementet har i sitt framlegg skissert 4 ulike alternativ til ny paragraf 14 i barnehagelova. Paragrafen skal sei noko om korleis kommunane skal finansiere drifta i ikkje-kommunale barnehagar.

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen meiner at dagens ordning med fri etableringsrett for barnehagar, og som dermed automatisk gir rett til offentleg tilskot til etablering og drift, vanskeleg kan førast vidare i eit system som tar utgangspunkt i full behovsdekning av barnehageplassar. Den automatiske retten til offentlege tilskot bør avgrensast når kommunane overtar det fulle finansieringsansvaret for barnehagane. Dette er særleg viktig for å unngå ei uhensiktsmessig

overetablering av barnehagar. I dag har kommunen liten moglegheit til å kunne styre utviklinga innan barnehagesektoren. Kommunane har mykje ansvar for barnehagesektoren, men har ikkje i særleg grad kunna påverke utvikling av mangfald, geografisk plassering i kommunen eller kor mange ikkje-kommunale barnehagar som vert etablert.

Rådmannen meiner at av alternativa til ny paragraf 14, som samanfattar modell for kommunal skjønnskompetanse med ordning for utrekning / fastsetjing av kommunalt tilskot, er alternativ 1 det beste.

Innhenting av naudsynte data i barnehagesektoren

Rådmannen har ikkje kommentarar til dette punktet.



7 Forslag til lovtekst

Følgende endringer foreslås i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven)

Ny § 5a. Innhenting av fødselsnummer

Foreldre og foresatte plikter å oppgi barnets fødselsnummer til kommunen til bruk for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse, jf. § 8 fjerde ledd.

§ 7. Barnehageeierens ansvar

Barnehageeieren skal drive virksomheten i samsvar med gjeldende lover og regelverk.

Barnehageeieren må legge fram opplysninger om regnskapsdata, tjenestedata og en liste som gjør det mulig for kommunen å identifisere hvilke barn som går i vedkommende barnehage, jf. § 8 fjerde ledd og § 5a, etter forskrifter fastsatt av departementet.

Barnehageeieren plikter å gi barnets bostedskommune de opplysninger som er nødvendige for å kunne føre et register som nevnt i § 8 fjerde ledd.

Barnehageeieren skal fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes/de foresattes forhold til barnehagen, herunder

- a) eierforhold,
- b) formål, jf. § 1 fjerde ledd, herunder eventuell reservasjon fra § 1 annet ledd, jf. tredje ledd,
- c) opptakskriterier,
- d) antall medlemmer i samarbeidsutvalget,
- e) barnehagens åpningstid.

Godkjente virksomheter skal være registrert i Enhetsregisteret.

§ 8. Kommunens ansvar

Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.

Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov. Kommunen skal oppfylle retten til barnehageplass etter § 12a i denne lov for alle som er bosatt i kommunen.

Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.

Hver kommune skal opprette og føre register over fødselsnummeret til barn som går i barnehage. Registeret skal benyttes til en nasjonal database for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse for å undersøke langsiktige effekter av deltakelse i barnehage i forhold til senere utdanning samt andre forhold som har betydning for sosial utjevning. Behandlingsansvarlig for basen skal være Kunnskapsdepartementet eller det organ

departementet delegerer til. Nærmere bestemmelser om rapporteringsplikt, oppbevaring, bruk, utlevering og lagring av slike data fastsettes i forskrift.

Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for Arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteloven. Registeret kan samkjøres mot Arbeids- og velferdsetatens register over mottakere av kontantstøtte. Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningene.

Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver.

Kommunen forvalter *de statlige øremerkede* tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. *Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.* (Forslag til endring ved valg av alternativ 1 til ny § 14).

Ny § 12a. Rett til barnehageplass

Barn som fyller ett år senest ved oppstart til barnehage, jf. § 12, har etter søknad rett til å motta et barnehagetilbud i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter.

Barnet har rett til et barnehagetilbud i den kommunen der det er bosatt.

Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Ny § 14. Kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager

Alternativ 1:

Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.

Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, kan kommunen finansiere.

Kommunen skal fastsette regler for kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager i kommunen, jf. første og andre ledd. De fastsatte reglene for kommunalt tilskudd skal inneholde bestemmelser om utmåling, søknadsprosedyrer, klageadgang, revisjon og de rutiner og regler som er truffet for å unngå overkompensasjon og sikre tilbakebetaling av eventuell overkompensasjon.

Reglene for kommunalt tilskudd skal sikre overholdelse av de til enhver tid fastsatte regler om foreldrebetaling og sikre et kvalitativt godt barnehagetilbud i kommunen i tråd med gjeldende lover og regelverk.

Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.

Alternativ 2:

Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.

Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11, har rett på kommunalt tilskudd dersom finansiering av barnehagen ikke medfører vesentlige negative følger for tilsvarende virksomhet i kommunen.

Kommunen skal fastsette regler for kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager i kommunen, jf. første og andre ledd. De fastsatte reglene for kommunalt tilskudd skal inneholde bestemmelser om utmåling, søknadsprosedyrer, klageadgang, revisjon og de rutiner og regler som er truffet for å unngå overkompensasjon og sikre tilbakebetaling av eventuell overkompensasjon.

Reglene for kommunalt tilskudd skal sikre overholdelse av de til enhver tid fastsatte regler om foreldrebetaling og sikre et kvalitativt godt barnehagetilbud i kommunen i tråd med gjeldende lover og regelverk.

Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.

Følgende endring foreslås i § 8 sjette ledd (nytt syvende ledd):

Kommunen forvalter de statlige øremerkede tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.

Alternativ 3:

Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.

Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, kan kommunen finansiere.

Kommunen har plikt til å gi tilskudd slik at godkjente ikke-kommunale barnehager, jf. første og andre ledd, får kommunalt tilskudd med minst X prosent av det tilsvarende barnehager eid av kommunen i gjennomsnitt mottar i kommunalt tilskudd.

Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.

Alternativ 4:

Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.

Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11, har rett på kommunalt tilskudd dersom finansiering av barnehagen ikke medfører vesentlige negative følger for tilsvarende virksomhet i kommunen.

Kommunen har plikt til å gi tilskudd slik at godkjente ikke-kommunale barnehager, jf. første og andre ledd, får kommunalt tilskudd med minst X prosent av det tilsvarende barnehager eid av kommunen i gjennomsnitt mottar i kommunalt tilskudd.

Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.